

2014

Skjøtselsplan for Ulvik landskapspark



Innhald

| | |
|---|----|
| Innleiing | 2 |
| Kort skildring av Ulvik landskapspark | 2 |
| Landbruket i Ulvik landskapspark..... | 3 |
| Medlemar med husdyr i Ulvik landskapspark | 4 |
| Naturtypar i Ulvik landskapspark | 5 |
| Kulturminne og kulturmiljø i Ulvik landskapspark | 7 |
| Askeladden | 7 |
| SEFRAK..... | 9 |
| Stølar | 11 |
| Plantearven og gamle trær..... | 12 |
| Vegar og stiar i Ulvik landskapspark..... | 13 |
| Skjøtsel av Ulvik landskapspark..... | 15 |
| Skjøtselsprosjekt som er i gong i Ulvik landskapspark | 15 |

Innleiing

Skjøtselplanen for Ulvik landskapspark er utarbeidd etter nye retningsliner for Regionalt miljøprogram i Hordaland. Ulvik herad v/landbrukskontoret har utarbeidd planen, og planen har vorte sendt til Ulvik og Eidfjord bondelag og Ulvik småbrukarlag for innspel. Opplysningane er for det meste henta frå tilgjengelege register i Landbrukets informasjonsbase (LiB), gardskart på nett og søknadar innsende i samband med produksjonstilskot og regionalt miljøtilskot. Planen er eit dynamisk dokument, slik at det kan vere kulturminne, naturtypar og gamal kulturmark som ikkje er nemnde.


Kort skildring av Ulvik landskapspark

Ulvik Landskapspark er ein "paraply" for alle dei gode ideane i Ulvik. Landskapspark er eit internasjonal kjent kvalitetsomgrep for bærekraftig utvikling med *natur-* og *kulturlandskap* som ressurs.

Ein landskapspark er ikkje berre eit vakkert landskap som me vil ta vare på. Han er like mykje eit område for moderne *næringsutvikling* for folket som bur i dette landskapet. Landskapet som ressurs skal hjelpa oss med å fornya Ulvik som turistbygd og det skal vera eit grunnlag for nye satsingar.

Gardane med gnr.39 til gnr. 81 er med i Ulvik landskapspark.

Kart over Ulvik landskapspark



Figur 1: Kart over Ulvik landskapspark, med grendene Vangsbygda og Osa og gardane rundt Ulvikapollen.

Fulldyrka jord og overflatedyrka jord viser som oransje farge på kartet, og innmarksbeite har gul farge.

Landbruket i Ulvik landskapspark

Gardane i Ulvik er stort sett spesialiserte innan husdyrproduksjon eller planteproduksjon. Det er berre eit fåtal av gardsbruka som fortsatt er kombinasjonsbruk med husdyr og fruktdyrking. Innmarksbeitene på gardane er mykje gamle hagemarker eller tresatte beite, som historisk sett vart slått ei gong om sommaren. Beita måtte då slåast for hand. I dag vert beita hovudsakleg nytta om våren og hausten, før og etter dyrene er på fjellbeite. Nokre gardbrukarar er meir medvitne på å bruka innmarksbeitene sine heile sesongen. Mellom anna har dei sambeiting av fleire dyreartar. Då klarar dei å halda veksten nede på innmarksbeite i fjellbeiteperioden.

Totalt er det 3540 daa fulldyrka jord, 873 daa overflatedyrka jord og 2557 daa innmarksbeite i landskapsparken.



Figur 2: Jonstøl med Vassfjøro (1633 moh.) i bakgrunnen.

Medlemar med husdyr i Ulvik landskapsark


I 2014 er det 40 medlemmer med husdyr i Ulvik landskapsark, og som beitar innanfor gjeldande område.

| Gnr | Bnr | Namn | Org.nr. | Fulldyrka | Overflatedyrka | Innmarksbeite | Mjølkekyr | Dyr på innmarksbeite | | | | |
|-----|-----|----------------------|-----------|-----------|----------------|---------------|-----------|----------------------|------|------|------|--------|
| | | | | | | | | Anna storfe | Sau | Lam | Hest | Geiter |
| 37 | 4 | Ivar Osa | 870566972 | 49 | 32 | 54 | | | 58 | 107 | | 3 |
| 39 | 1 | Ove Henry Sævertveit | 891686692 | 18 | 12 | 60 | | | 42 | 64 | | |
| 40 | 1 | Per Rondestveit | 969911922 | 58 | 0 | 33 | | | 64 | 87 | | |
| 42 | 4 | Kåre Olai Solheim | 976237269 | 203 | 12 | 72 | | | 116 | 189 | | |
| 45 | 1 | Jørund Kvåle | 913099648 | 79 | 2 | 31 | | | 22 | 27 | | |
| 45 | 3 | Kyrre Manger | 887593442 | 166 | 68 | 70 | | 3 | 192 | 336 | | |
| 45 | 4 | Martin Svennes | 970597794 | 9 | 0 | 0 | | | | | 4 | |
| 46 | 3 | Magnar Hakestad | 971204672 | 58 | 3 | 6 | | | 39 | 72 | | |
| 46 | 2 | Jakob J. Hjeltnes | 969368560 | 94 | 0 | 5 | | | 39 | 56 | | |
| 46 | 7 | Nils Branstveit | 997834836 | 58 | 7 | 54 | | | 49 | 97 | | |
| 47 | 3 | Helge Tveit | 990144516 | 154 | 21 | 77 | | | 117 | 204 | | |
| 47 | 5 | Magne T. Øydvin | 976330617 | 76 | 1 | 60 | | 13 | 34 | 64 | | |
| 47 | 1 | Reidar Espelid | 972408085 | 63 | 8 | 36 | | | 34 | 90 | | |
| 48 | 10 | Lars Johan Tveit | 981463226 | 171 | 41 | 168 | | 9 | 172 | 221 | 1 | |
| 49 | 4 | Jørgen P. Lekve | 969197480 | 79 | 0 | 50 | 12 | 16 | | | | |
| 49 | 2 | Inge Børsheim | 912604217 | 149 | 0 | 49 | 17 | 23 | | | | |
| 50 | 4 | Einar Y. Langballe | 969140586 | 113 | 22 | 97 | 13 | 16 | | | | |
| 51 | 13 | Espen D. Eide | 991607676 | 11 | 6 | 9 | | | 16 | 21 | | |
| 51 | 11 | Hans Uglenes | 971204877 | 56 | 17 | 92 | | | 67 | 103 | | |
| 52 | 5 | Stein Olav H. Kolås | 969317869 | 69 | 29 | 98 | | | 50 | 85 | 2 | |
| 54 | 2 | Arild Opheim | 996369951 | 15 | 55 | 17 | | | 57 | 94 | | |
| 54 | 4 | Kristoffer Vestrheim | 977216885 | 32 | 20 | 68 | | | 32 | 29 | | |
| 54 | 11 | Nils Tore Skjerdal | 996400778 | 31 | 16 | 27 | | | 73 | 116 | | 10 |
| 54 | 6 | Sondre Syse | 911947749 | 20 | 10 | 38 | | | 42 | 65 | 1 | |
| 54 | 8 | Aslak Ljone | 912655571 | 83 | 13 | 70 | | | 72 | 118 | 1 | |
| 55 | 3 | Torill O. Heggseth | 969318040 | 51 | 18 | 1 | | | 39 | 47 | | |
| 57 | 2 | Knut Sygnestveit | 969479311 | 83 | 0 | 150 | | 9 | 77 | 156 | | |
| 58 | 1 | Aslak Aurdal | 978661149 | 254 | 67 | 344 | 16 | 25 | 59 | 98 | 6 | |
| 62 | 1 | Olav Bergo | 969479303 | 127 | 23 | 36 | | | 114 | 130 | | |
| 63 | 1 | Johan Børsheim | 870257392 | 78 | 17 | 103 | | 17 | 42 | 70 | | |
| 66 | 4 | Agnar Kleppe | 969230631 | 40 | 8 | 45 | | | 14 | 17 | | |
| 66 | 6 | Lars Sponheim | 969318563 | 77 | 6 | 26 | | | 131 | 167 | 5 | |
| 70 | 3 | Nils Rune Vambheim | 969230097 | 181 | 0 | 21 | 16 | 16 | | | | |
| 73 | 3 | Ivar Frøystein | 991623485 | 26 | 6 | 61 | | | 30 | 34 | | |
| 73 | 2 | Bjørn Bergo | 976020790 | 4 | 14 | 14 | | | 14 | 11 | | |
| 75 | 1 | Steinar Ljones | 969164477 | 58 | 43 | 84 | | | 62 | 85 | | |
| 78 | 1 | Trygve Nesheim | 969196565 | 43 | 30 | 43 | | | 76 | 121 | 1 | |
| 80 | 1 | Magnhild A. Østraat | 982761867 | 68 | 11 | 74 | 9 | 9 | 38 | 64 | | |
| 80 | 6 | Svein Netland | 969277514 | 29 | 10 | 45 | | | 29 | 48 | | |
| 80 | 2 | Ivar Lindvik | 976187539 | 89 | 28 | 38 | 14 | 15 | 8 | 19 | | |
| | | Sum | | 3122 | 676 | 2426 | 97 | 171 | 2120 | 3312 | 21 | 13 |

Figur 3: Medlemmer i Ulvik landskapsark med husdyr som beitar i området, og arealet som kvart føretak disponerer. Tala er henta frå produksjonstilskotsknadar frå august 2014.

Naturtypar i Ulvik landskapspark

I Ulvik er det mykje naturbeitemark, hagemark og nokre område med slåttemark som dominerar naturtypane i tilknytning til innmarka rundt gardane, sjå kart og tabell under. På desse areala er det og mange styvingstre, som fortsatt vert stelte.



Figur 4: Naturtypar i Ulvik landskapspark, grøne felt på kartet er utvalde naturtypar.

| IID | Områdenavn | Totalareal | Fylke | Kommunen | Kommunen | Kode | Naturtype | Verdi |
|----------------------------|---------------------------|-------------------|--------------|-----------------|-----------------|-------------|------------------|------------------|
| BN00049606 | Ljono nedre | 0,6 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D01 | Slåttemark | A - Svært viktig |
| BN00000936 | Ljono øvre | 3,9 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D01 | Slåttemark | B - Viktig |
| BN00070182 | Gjerdet slåttemark | 2,4 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D01 | Slåttemark | B - Viktig |
| BN00061095 | Hallanger, gamleskule n | 1,1 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D01 | Slåttemark | C - Registrert |
| BN00061110 | Norrdalen: Ossete | 7,9 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D04 | Naturbeitemark | B - Viktig |
| BN00049516 | Norrdalen: Haugen nord | 19,6 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D04 | Naturbeitemark | B - Viktig |
| BN00049519 | Iskaia | 0,5 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D04 | Naturbeitemark | B - Viktig |
| BN00000937 | Solbjørgo | 39,9 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D04 | Naturbeitemark | B - Viktig |
| BN00000938 | Lindebrekke | 1,7 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D04 | Naturbeitemark | B - Viktig |
| BN00000930 | Tunheim | 20 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D04 | Naturbeitemark | C - Registrert |
| BN00049515 | Osa | 20,5 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D04 | Naturbeitemark | C - Registrert |
| BN00000935 | Hakestad | 31,2 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D05 | Hagemark | B - Viktig |
| BN00000945 | Åsheim | 4,9 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D05 | Hagemark | B - Viktig |
| BN00000939 | Kvemmadokkje (Byrse) | 17,1 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D05 | Hagemark | C - Registrert |
| BN00000940 | Notten | 15,3 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D05 | Hagemark | C - Registrert |
| BN00000931 | Sysegjerdet, Skorane | 14,9 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D05 | Hagemark | C - Registrert |
| BN00000932 | Gjerde øvre | 9,5 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D05 | Hagemark | C - Registrert |
| BN00000933 | Sysehagen | 33,9 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D06 | Beiteskog | C - Registrert |
| BN00061112 | Norrdalen: N f. Bjørndøla | Punktobjekt | Hordaland | 1233 | Ulvik | D12 | Store gamle trær | A - Svært viktig |
| BN00049605 | Sponheim | 18,5 daa | Hordaland | 1233 | Ulvik | D12 | Store gamle trær | B - Viktig |
| BN00000972 | Oppheim | Punktobjekt | Hordaland | 1233 | Ulvik | D12 | Store gamle trær | C - Registrert |
| BN00000967 | Hakestad | Punktobjekt | Hordaland | 1233 | Ulvik | D12 | Store gamle trær | C - Registrert |

Kulturminne og kulturmiljø i Ulvik landskapsark

Kulturlandskapet er påverka av menneskeleg aktivitet og eit resultat av naturgrunnlaget og menneska sin måte å nytta naturressursane på gjennom tidene. Historia som ligg bak fornminne, eldre bygningar og eldre driftsformer, syner menneska av i dag kvar forfedrane deira kom frå og korleis dei levde.

Dei fyrste spor ein har etter menneske i Noreg er frå tida etter siste istid. Dei fyrste menneska som slo seg ned i Indre Hardanger levde av fangst og fiske og var ikkje bufaste. Overgangen frå fangstkultur til jordbrukskultur kom i yngre steinalder, (4200 – 2000 år fvt). Menneska vart meir bufaste og jakt vart etter kvart ei binæring. Morenejorda inne i fjordane var god dyrkingsjord, det vart drive korndyrking og husdyrhald.

Det er likevel usikkert kor langt attende ein må for å finna dei eldste gardane, men gardsforma vaks truleg fram i tidleg jernalder (600 fvt – 500 evt); og frå folkevandringstida (600 år evt) er det rike funn som tyder på at gardsdrifta då hadde lange tradisjonar.

I Ulvik landskapsark er det mange kulturminne som visar at det har budd folk her i lang tid. I nærleiken av gardane og tuna finst det fleire gravhaugar og gravminne som er automatisk freda. Eit av dei største er jernalder gravfeltet på Tunheim, som målar om lag 60 x 80 meter og består av 4 steinrøysar (ein gravflokk). Ved tidligare undersøkingar skal det også vera gjort funn av brynestubbar, kljåstein og jernslag samt skålgroper og eit bronsesverd (Sebergsverdet) i området.

Kulturminnefunn og -lokalteter i Noreg vert registrert i kartdatabasen Askeladden hjå Riksantikvaren.

Askeladden


Innanfor området til Ulvik landskapsark er det totalt registrert 59 lokaliteter i Askeladden med nær tilknytning til jordbrukslandskapet. Registreringane fordelar seg slik:

- 1 bautastein
- 11 lokalitetar med bergkunst
- 14 lokalitetar for busetjing/aktivitetsområde
- 1 dyrkingsspor
- 1 gardstun
- 4 gravfelt
- 15 gravminne (gravhaugar)
- 1 gamalt kyrkjested
- 2 kullframstillingsanlegg
- 4 stølar
- 1 tradisjonslokalitet
- 2 veganlegg, og
- (2 undersøiske fornminne som begge er fjerna)

For fullstendig oversikt sjå etterfylgjande tabell.

| Nr | ID | Art | Navn | Vernestatus |
|----|--------|----------------------------|---|-------------|
| 1 | 25642 | Bautasteinslokalitet | Hallanger - Fetts fk. 2/1, Messekleiv | AUT |
| 2 | 6084 | Bergkunst | Syse - Skålgropfelt | AUT |
| 3 | 15911 | Bergkunst | Lekve - Skålgropberg, Tunheim | AUT |
| 4 | 55327 | Bergkunst | Hjelmavoll - Fetts fk. 2, Notten | AUT |
| 5 | 66540 | Bergkunst | Ljono - Fetts fk. 3, Solhovden | AUT |
| 6 | 66541 | Bergkunst | Ljono - Skålgropstein | AUT |
| 7 | 120779 | Bergkunst | Sæberg - Kræklingsbærsteinen | AUT |
| 8 | 120948 | Bergkunst | Lekve Øvre | AUT |
| 9 | 120962 | Bergkunst | Lekve Øvre | AUT |
| 10 | 120968 | Bergkunst | Lekve Øvre | AUT |
| 11 | 120969 | Bergkunst | Musakolhaugane | AUT |
| 12 | 120984 | Bergkunst | Lekve Øvre | AUT |
| 13 | 105927 | Bosetning-aktivitetsområde | Prosjekt Nordmannsslepene - Ossete | AUT |
| 14 | 120777 | Bosetning-aktivitetsområde | Sæberg | IKKE |
| 15 | 120941 | Bosetning-aktivitetsområde | Solsæ | UAV |
| 16 | 120943 | Bosetning-aktivitetsområde | Solsæ | IKKE |
| 17 | 120946 | Bosetning-aktivitetsområde | Solsæ | IKKE |
| 18 | 120947 | Bosetning-aktivitetsområde | Jonstøl | UAV |
| 19 | 120951 | Bosetning-aktivitetsområde | Solsæ | UAV |
| 20 | 120959 | Bosetning-aktivitetsområde | Solsæ | AUT |
| 21 | 120961 | Bosetning-aktivitetsområde | Solsæ | IKKE |
| 22 | 120974 | Bosetning-aktivitetsområde | Solsæ | IKKE |
| 23 | 120979 | Bosetning-aktivitetsområde | Musakolhaugane | AUT |
| 24 | 130222 | Bosetning-aktivitetsområde | Bosetning-aktivitetsområde | AUT |
| 25 | 130223 | Bosetning-aktivitetsområde | Bosetning-aktivitetsområde | AUT |
| 26 | 141658 | Bosetning-aktivitetsområde | il | AUT |
| 27 | 118085 | Dyrkingsspor | Audnaland | AUT |
| 28 | 25644 | Gravfelt | Nesheim - Fetts fk. 1/1-2, Bruravikneset | AUT |
| 29 | 25645 | Gravfelt | Viknes - Fetts fk. 1/1-2, Hylmestveita | AUT |
| 30 | 45578 | Gravfelt | Hallanger - Fetts fk. 1/1-2, Kallhagjen | AUT |
| 31 | 66539 | Gravfelt | Lekve - Fetts fk. 4/1-4, Tunheim | AUT |
| 32 | 6083 | Gravminne | Oppheim - Fetts fk. 3/1 | AUT |
| 33 | 6085 | Gravminne | Vangen - Fetts fk. 2, Haukagjelsneset | AUT |
| 34 | 15910 | Gravminne | Bagnsnes - Fetts fk. 1, Bagnsneset | AUT |
| 35 | 15912 | Gravminne | Oppheim - Fetts fk. 2, Bjørkehaugen | AUT |
| 36 | 25641 | Gravminne | Håheim - Fetts fk. 2 | AUT |
| 37 | 25643 | Gravminne | Lekve - Fetts fk. 4/6, Tunheim | AUT |
| 38 | 35548 | Gravminne | Nesheim - Fetts fk. 5/1, Nesheimssanden | AUT |
| 39 | 35549 | Gravminne | Viknes - Fetts fk. 3, Solheimsneset | UAV |
| 40 | 45579 | Gravminne | Nesheim - Fetts fk. 4/1, Kaganeset | AUT |
| 41 | 55328 | Gravminne | Nesheim - Fetts fk. 3, Kjetilsrøysi | AUT |
| 42 | 55329 | Gravminne | Oppheim - Fetts fk. 3/2 | AUT |
| 43 | 55330 | Gravminne | Øydve - Fetts fk. 1/4, Geitahaugen | AUT |
| 44 | 60475 | Gravminne | Øydve - Fetts fk. 1/1 | AUT |
| 45 | 66538 | Gravminne | Byrse - Fetts fk. 2/2 | AUT |
| 46 | 109010 | Gravminne | Vangen - Gravrøys (2007) | AUT |
| 47 | 87637 | Gårdstun | OPPHEIM | AUT |
| 48 | 123938 | Havneområde | Vallavik | FJE |
| 49 | 162327 | Kirkested | Hakastad (Ulvik gamle) kirkested | SAM |
| 50 | 124270 | Kullfremstillingsanlegg | Smedalsbotn | AUT |
| 51 | 124272 | Kullfremstillingsanlegg | Smedalsbotn | AUT |
| 52 | 120814 | Seter | Jonstølen | AUT |
| 53 | 126950 | Seter | Ossete | IKKE |
| 54 | 126957 | Seter | Døgrdalsete | IKKE |
| 55 | 126958 | Seter | Seter | IKKE |
| 56 | 139591 | Skipsfunn | Solsævatnet | FJE |
| 57 | 120965 | Tradisjonslokalitet | Brurastol | IKKE |
| 58 | 108366 | Veganlegg | Prosjekt Nordmannsslepene - Slep Osa-Hallingskeid | AUT |
| 59 | 109012 | Veganlegg | Messekleiv-Vangen | AUT |

Lista er avgrensa til jordbruksareal og fjordnære strok (Ulvik landskapsark). Men ikkje alt som finns er registrert i Askeladden. Me har til dømes kjennskap til nokre kollgroper i Åsen som ikkje ligg inne i Askeladden, og interne dokument frå Fylkeskonservatoren synar gravminne i Osa, som me heller ikkje finn att i Askeladden. Heradet held i midlartid på med å utarbeide ein kulturminneplan for heile kommunen, og ein håper at den vil fange opp fleire kulturminne enn dei som per i dag ligg i Askeladden.



Figur 5: kart over registrerte kulturminne i Askeladden.

SEFRAK

For landskapsparkområdet synar SEFRAK-registeret om lag 430 ruiner/tufter etter gamle bygningar, som ikkje finns lengre; og om lag 240 bygningar står oppført med meldeplikt for ombygging/riving. Her til kjem om lag 190 bygningar med «annen SEFRAK» status, og om lag 40 bygningar i sentrumsområdet som ikkje er talt med.

Hovudparten av registreringane er/har vore knytt til landbruksdrifta, og mengda av ruinar/tuftar vitnar om store omveltingar i landbruket dei siste 100 år. Mellom anna har mange husmannsplassar vore nedlagde. I fylgje Bygdesoga av 1977 var det i 1865 vel 150 husmenn i Ulvik.

Kommunen har per dags dato ikkje noko eget register over gamle *husmannsplasser*, men granskar ein SEFRAK-registeret vil nok dei fleste kunne finnast att der (sjølv om den geografiske plasseringa i SEFRAK kan vere noko unøyaktig).

Notten, som høyrer under Hjelmevoll, er eit godt døme på ein slik gamal husmannsplass. Plassen er omkransa av beitemark med steingjerder og styvingstre samt berg med skålgroper i dagen. Men manglande busetjing, endra driftsform og attgroing er i dag ein reell trussel.

På husmannsplassen Veoane utanom Torgilsberg tunnelen står no bare tuftene attende. Ulvik Sogelag har gjort ein stor innsats med rydding av stien opp frå FV 572 og fjernen av kratt og pas rundt våningstuften samt tilrettelegging med benk og informasjonsskilt. Men størstedelen av området er i dag gjengrodd med skog, og utan dyr på beite er det håplaust å holde landskapet i hevd. I den andre enden av skalaen figurerer det no fullrestaurerte Kvemmadokkje, som fikk fylkets kulturlandskapspris i 2013, og no nyttast til ulike høg-profilerte kulturarrangement.




Foto: Ole Bakkebø (<http://landbruksbygg.no/18408/18417/19019/19412/19413/>)

Utløer har sikkert utgjort ein betydeleg del av dei 430 ruinar/tuftar som er oppført i SEFRAC. Nokon få er restaurert og vert tekne vare på for framtida. På slutten av det siste millenium vart utløer og andre bygningar i Sysehagen restaurert i samband med eit større kulturlandskapsprosjekt. Nyleg er også ei utløe ved Seljestibekken mellom Verafossen og Austestiberget restaurert. Men framleis er det fleire utløer som syng på siste vers, til dømes kan nemnast løa på Gjere ved Lindebrekke som vart avbilda og beskrivi i prosjektrapporten «Ulvik – eit bygdelandskap i Hardanger» frå 1990. Rapporten føreslo tiltak for restaurering og skjøtsel av både løa og slåtteenga, men lite har skjedd og i dag er det kanskje for seint(?). For Undelands løa nedan om Lindebrekke er det iallfall for seint.

Stølar

Ulvik Sogelag har lagd ei eigen oversikt over gamle stølar i heradet. Av vel 90 registrerte stølar/stølstufter ligg om lag 65 innan for landskapsparkområdet.



Jonstøl er fellesstøl for grendene Lekve og Syse, og er med 13 hus Ulviks største fellesstøl. Stølinga tok endeleg slutt rundt 1952, men husa vert framleis nytta som fritidshus og i samband med tilsyn og sanking av sau på beite. Jonstøl er vide kjent for Olsokfeiring med bål, dans og fest.

I samband med siste framlegg til revidert arealdel til kommuneplanen vart ein del stølsområde dessutan tillagt særleg status som «kulturlandskap» - område med særleg fokus på «vern gjennom bruk». I tillegg til reine stølsområde inneheldt kategorien «kulturlandskap» også område som til dømes Norddalen i Osa, området rundt Sygnestveit, dyrka jord og innmarksbeite på Åsheim, samt Nesheim-Sanden med sitt særeigne naustmiljø.



Kulturlandskap i framlegg til ny arealdel til kommuneplanen er her markert med omriss i fargen magenta (rosa).

Plantearven og gamle trær

Ein eigen kulturminneplan for Ulvik er som nemnt under arbeid. Planen skal i tillegg til arkeologiske kulturminner og mye anna også omhandle kulturminneplanter (også kalla plantearven eller kulturreliktpanter). Gamle, store og særeigne tre med ein eigen historie til like med styvingstre og frukttre er noko av det ein vill sjå på. I dei mest sentrale delane av Ulvik har skikkeleg store trær dessverre blitt eit særstyn. Litt unna sentrum som for eksempln langs Byrsevegen finns i midlartid fortsatt ein del store trær av både alm og eik med meir.


Kategorien «Naturtyper» i Miljødirektoratets Naturbase inneheld fleire område registrert som «haustingsskog» der styvingstre førekommer i rikt mon.

Vegar og stiar i Ulvik landskapspark

Turstiane og vegane i landskapsparken er heile tida under utvikling og utviding. Det er eit rikt natur- og kulturhistorisk landskap der turstiane skal bidra ikkje berre til folkehelse og naturopplevingar, men også gje innsikt og forståing for Ulviks rike historie frå fjell til fjord, både for lokale og besøkjande.

Arbeidet i Ulvik er koordinert av Ulvik Næringslag og heradet, i samarbeid turstigruppa i Landskapsparken som består av grunneigarar og lag/ organisasjonar. Desse har ansvar for skjøtsel og vedlikehald av stiane to gonger i året. De større investeringane til materialar og skilt er støtta gjennom Hordalands Fylkeskommune sin Nasjonal Turskilt satsing, der hensikta er å merke alle turstiar i same nasjonale standard og gradering. Heradet støtter arbeidet med turstiane med ein årleg sum.

Stinettet er konstant under utvikling. Dei strekker seg frå gamle Postvegen til Granvin, frå Ulvikapollen og i stølsområdene, og inni Osa opp mot Hardangervidda.



Figur 6: Kart over vegar (i grønt) og stiar (i blått) rundt sentrum i Ulvik.

Tunheim

Tunheim - 125 moh.

Tunheim er ein gamal elveterrasse frå den gong havet sloid heilt opp hit for om lag 8000 år sidan. Tunheim høyrer til Øvre Lekve. Namnet Lekve kjem av ordet lekvin, dvs. ein voll der det vart halde teikar.

Ser du mot Ulvikpollen ser du 3 haugar med grantrær, dette er gamle vikinggraver. Framme på brotefkarnten ligg fire gravhaugar frå jernalderen.

Frå Tunheim gjekk den gamle buferevegen til elstane i høgjelet, Jonstøl og Vassdalane. Jonstølen er eit vakker stasjonsråde med utsikt mot Hardangervidda. Liavegen tek av til høgre mot Øydivn og er ein lett familietur med flott utsikt mot Osafjorden.

Frå Solsævatnet via Syssegleiet gjekk det transportveg for skifter, heller frå Vassfjærebrøtet. På stien opp mot Solse ovanfor Tunheimstølen står eit høgt trøe med steinmur rundt. Det er Rikessjurstrøet, som har namn etter den rike bonden Sjur Ivarsson Lekve (1762-1834) som i si tid og åtte fleire gardar i Ulvik.

Tunheim - 125 moh

Tunheim is an old river plateau from when the sea level came up here 8000 years ago. Tunheim belongs to the area Lekve, which means a hill where games(jek) where held. If you looks towards Ulvikpollen you will see 3 viking grave mounds covered by spruce trees. All the way on the edge there are 4 grave mounds dated back to the Iron Age.

The old cattle/sheep trails went from Tunheim up towards the summer cabins Jonstøl and Vassdalane. Jonstølen is a beautiful area with a view towards the Hardangervidda mountain plateau. The small road Liavegen takes off to the right towards Øydivn, and is an easy familytrip with a spectacular view of the Osa Fjord.

From Lake Solse via Syssegleiet (a narrow ravine) stonesskifer, was taken down from the Vassfjære quarry and down. On the trail up towards Solse you will see a tall tree with a stone wall around. This is Rikessjurstrøet (Rich Sjur's Tree), named after the wealthy farmer Sjur Ivarsson Lekve (1762-1834), whom in his time owned several farms i Ulvik.

Tunheim - 125 m ü. M.

Tunheim ist eine alte fluviale Terrasse aus der Zeit, als das Meer vor knapp 8.000 Jahren hier ganz oben stand. Tunheim gehört zu Øvre Lekve. Der Name „Lekve“ stammt von dem Wort „lekvin“, d. h. eine Wiese, auf der Spiele abgehalten wurden.

Wenn Sie zum Ulvikpollen hinübersehen, erkennen Sie drei Hügel mit Fichten. Das sind alte Wikingergräber. Vorne an der Kante liegen vier Grabhügel aus der Eisenzeit.

Von Tunheim führte der alten Weg für den Almuttrieb zu den Almen im Hochgebirge, Jonstøl und Vassdalane. Der Jonstølen ist eine herrliche Alm mit Aussicht zur Hardangervidda. Der Liavegen zweigt rechts nach Øydivn ab und ist ein Wanderweg für eine leichte Familientour mit schönem Ausblick über den Osafjord.

Vom Solsævatnet führt über Syssegleiet ein Fuhweg für Schieferplatten vom Vassfjærebrøtet. Auf dem Weg hinauf nach Solse steht gegenüber Tunheimstølen ein hoher Baum mit einer Steinmauer rundherum. Es ist der Rikessjurstrøet, der nach dem reichen Bauern Sjur Ivarsson Lekve (1762-1834) benannt ist, dem seinerzeit mehrere Höfe in Ulvik gehörten.

Allemannsretten

Ta omsyn til utmarksnæringsane. Lat eit grinda eller deg.

Via omsyn til andre brukarar av utmarka. Forsygn ikkje dyr og fuglar.

Allt vill er freds med unnatak av lovleg jakt.

Det er bandfang frå 1. april til 20. august.

Det er forbode å tena open etid i skog og mark frå 15. april til 15. september.

Åbvaring

All ferdsle er på eige ansvar.

Ved ulukker ring 112 eller 113.

Public access to the countryside

Show consideration for wilderness industries.

Always close all gates behind you.

Show consideration for other users of uncultivated land.

Do not disturb animals and birds.

All game is protected except for legal hunting.

Dogs must be kept on a leash from 1. April to 15. August.

Caution

All passage is at your own risk.

Call 112 or 113 in emergency situations.

Jedermannsrecht

Nehmen Sie auf die wirtschaftliche Nutzung des Ödlands Rücksicht.

Machen Sie die Gatter hinter sich zu.

Nehmen Sie auf die andere Benutzer des Ödlands Rücksicht.

Stören Sie die Tiere und Vögel nicht.

Ausserhalb der Jagdsaison ist das gesamte Wild geschützt Vom 1. April bis zum 20. August besteht Leinenzwang.

Warnung

Das Wandeln in der nature geschieht auf eigene Gefahr.

Bei Notfällen 112 oder 113 anrufen.

Brakanes - Tunheim 2,9 km

Liavegen runde 3,4 km

Solsævatnet 2 km

Tunheim - Øydivn 2 km

Tunheim - Jonstølen 2,7 km

Lett Easy Leicht

Middels Mittels Mitte

Krevjande Challenge Anspruchsvoll

Ekspert Expert Experte

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

GjensidigeStiftelsen

ULVIK HERAD

Driftsansvarieg/
kontaktinfo
tlf. 64 45 98 00

Figur 7: Døme på turkart i Ulvik landskapspark.

Skjøtsel av Ulvik landskapsark

Eit av måla i Ulvik landskapsark er å halda dyrka mark og beitene opne gjennom aktiv drift. Det er difor viktig at det er aktive bønder med husdyr som klarar å halda beitetrykket oppe. For å klara dette må det vere på plass gode ordningar som sikrar at gjerdene vert haldne, og at gamal kulturmark jamleg vert rydda og stelt. Til no har heradet hatt god tilgang på SMIL-midlar som har støtta opp dette arbeidet.

Skjøtselsprosjekt som er i gong i Ulvik landskapsark

| Org.nr. | Namn | Gnr., bnr. | Gamal kulturmark | Areal, daa | Nytt gjerde | meter gjerde |
|-----------|--------------------|-----------------|------------------|------------|-------------|--------------|
| 976237269 | Kåre Olai Solheim | 42,4 | x | 10 | x | 930 |
| 981463226 | Lars Johan Tveit | 48,1 | x | 7 | x | 250 |
| 996400778 | Nils Tore Skjerdal | 54,11 | x | 4 | x | 275 |
| 990144516 | Helge Tveit | 47,3 | x | 11 | x | 736 |
| 887593442 | Kyrre Manger | 52,1,4,7,8,9,10 | x | >100 | x | 1400 |
| 870257392 | Johan Børsheim | 63,1 | | | x | 550 |
| 969164477 | Steinar Ljones | 51,2 | x | 25 | x | 200 |
| 981463226 | Lars Johan Tveit | 47,7 | | | x | 260 |
| 969479311 | Knut Sygnetveit | 55,4 | | | x | 140 |
| 969479311 | Knut Sygnetveit | 57,2 | | | x | 600 |
| 911947749 | Sondre Syse | 54,6 | x | 17 | | |
| 912655571 | Aslak Ljone | 54,9 | x | 17 | | |

Eit av prosjekta er og eit stort samarbeidsprosjekt som er med i Fylkesmannen si satsing om Landskap i drift.

Ulvik herad skal i løpet av våren 2015 laga ein ny SMIL-strategi i saman med bondeorganisasjonane. Samtidig vil landbrukskontoret jobba aktivt opp mot bønder som er interesserte i stell av gamal kulturmark.